

[← strilen.no](#)**Strilen**

Eikanger IL kunne endeleg feire ny kunstgrasbane

I sitt 70. år som idrettslag kunne Eikanger IL feire med at dei omsider har fått seg ei ny kunstgrasmatte. Bla ned for bilde!



Frå Hindenes til Stall. Frå Eikangervåg til Bjørsvik. Dei mange Eikanger-bygdene var representert då Eikanger IL si fotballgruppe feira nytt grønt krøllgras på Ostereidet. **Foto: Erlend Kristiansen**


Av **Erlend Nordland Kristiansen**

Oppdatert i går 17:17

– Det har vore mykje frustrasjon, venting og mange brev til kommunen. Det har vore lang ventetid og det har hatt store konsekvensar. Vi har mista mange spelarar som har gått over til andre klubbar, men endeleg – no er det på plass.

Det seier ein letta Helge Rasmussen til Strilen. Han har gått i bresjen for at klubben skulle få den sårt etterlengta opprustinga av bana, som også inkluderer nye flaumlys. Den 20 år gamle gamlebana var langt på overtid.





Den nye «matta» lyser opp kontra den gamle og godt brukte bana. Den blei gjort ferdig i slutten av august, så det har allereie vore mykje aktivitet på bana. **Foto: Erlend Kristiansen**



Helge Rasmussen kunne koste på seg eit smil denne dagen. Ikkje rart når han har kjempa i årevis for at denne dagen skulle bli noko av. Snart vil det også komme innbyttarskur, påspandert av Byggtorget Eikangervåg. – No er det berre Osterhallen igjen, seier han tørt. **Foto: Erlend Kristiansen**

Men no blir det ein «ny vår». Bana blir brukt i det daglege av både skule, idrettslag og andre i nærområdet – og kanskje endå meir framover.

Eikanger har også blåst liv i seniorlaget sitt (eit 7-ar-lag) på herresida, som [rykte opp no i våres](#). Til våren igjen er det planar om 11-ar-lag, slik dei hadde for mange år sidan.

– *Kva tilbakemeldingar har du fått i dag?*

– Folk seier at eg har gjort ein kjempejobb. At eg har stått på for klubben, så det er jo kjekt å høyre, seier ein takknemleg Rasmussen.



Alle som scora på mangeårig Eikanger-, no Åsane-keeper, Andrea Kvammen blei med til neste runde i ein artig straffesparkkonkurranse. I løpet av dagen vart det også ordførarbesøk, kake og lotteri. **Foto: Erlend Kristiansen**





Andreas Hosøy Rasmussen og Tobias Kjeilen Øvretveit har stålkontroll på straffesparkkonkurransen. **Foto: Erlend Kristiansen**



Frå høgre: Trym (Eikanger G9), Gustav (G8) og Elias (G10) koste seg på den nye fotballbana. **Foto: Erlend Kristiansen**






Lurar på kor ballen hamna etter møte med denne venstreslegga.... **Foto: Erlend Kristiansen**




Eikanger-logoen vaia over det nye flotte anlegget, som også inkluderer nye lys. **Foto: Erlend Kristiansen**





Ilian Lid Myhr (11) og Liam Hansen Toft (12) er to stilige karar med sjølvttillit. Dei elska å showe og vise triks. **Foto: Erlend Kristiansen**





Journalisten bad om ei Ronaldo-feiring. Ilian og Liam gjekk rett i karakter...Siiii **Foto: Erlend Kristiansen**



Siiiiuuuu!!!! **Foto: Erlend Kristiansen**






Sebastian er klar til å klinge kula. Eller ein volleyball som det liknar mest på. **Foto: Erlend Kristiansen**



Andrea Kvammen er 1. divisjonskeeper for Åsane og speler i desse dagar om å rykke opp til Toppserien. Ho er frå Ostereidet og har tidlegare spelt for både Eikanger og samarbeidslaget ENK (Eikanger/Nordhordland/Kvernbit). Denne dagen var ho «skyteskive» på den nye bana. **Foto: Erlend Kristiansen**





Straffesparkkonkurransen samla mange. **Foto: Erlend Kristiansen**






Kan Eikanger IL si stordomstid på fotballsida komme tilbake? For ein 15 års tid tilbake var dei frykta på gute-/herresida. Ungdomslaga var blant anna oppe og kjempa mot kretsens største klubbar, medan seniorlaget var heilt oppe i 4. divisjon. **Foto: Erlend Kristiansen**



Olav «Haaland» Fykse gjer seg klar til å kline ballen i nota. Men fordi vi ikkje har eit bilde av ballen i nota, så kan du kanskje tenke deg kor ballen blei av... **Foto: Erlend Kristiansen**





Frå venstre: Marcus Haukås, Andreas Orvedal, Stian Matre og Olav «Haaland» Fykse. – Dette er mykje betre enn den gamle bana. Vi har slite med skader og det har vore eit stort problem, særleg med kneskader og sårne ting, fordi bana var så hard, seier Fykse. **Foto: Erlend Kristiansen**



Joakim Hanstveit Vedå vann straffesparkkonkurransen. Det trass i at han først og fremst er keeper på Eikanger G15. Dermed vann han også ein fotball. – Det var jækla bra, seier han nøgd. **Foto: Erlend Kristiansen**





Gutta krutt «backer» vinnaren av straffesparkkonkurransen, Joakim Hanstveit Vedå. Denne gjengen spelar på Eikanger G15. Vedå er lagets keeper. **Foto: Erlend Kristiansen**



Andrea Kvammen er berre 17 år, men spelar fast for Åsane sitt seniorlag i 1. divisjon. Ho kom rett frå trening til

straffespark-trening» på Ostereidet. Det var første gongen ho fekk ta nyebana i bruk. – Den gamle var ikkje optimal, men håper det blir betre no. Håper den blir mykje brukt og at folk tar vare på den. **Foto: Erlend Kristiansen**



Det var berre god stemning å sjå blant dei frammøtte på Ostereidet denne dagen. **Foto: Erlend Kristiansen**





Tobias Kjeilen Øvretveit i lett passiar med Eikanger IL sin leiar for fotballgruppa, Helge Rasmussen. **Foto: Erlend Kristiansen**



Venstre-politikar Marius Hellan Hindenes bur i byen, men er heimom og speler på Eikanger sitt A-lag når det passar. Laget speler i 7-ar-serie, men neste år er planen å spele 11-ar-fotball på den nye bana på Ostereidet. – Å få denne nye bana er viktig for å bygge opp eit tilbod og få meir aktivitet, seier Hindenes. **Foto: Erlend Kristiansen**





Ingen festdag på strilelandet utan litt utlodning. **Foto: Erlend Kristiansen**



Folk ser spent på loddane sine. «Kan denne fruktkorga bli mi!!?» **Foto: Erlend Kristiansen**



Lene Askeland er nestleiar i fotballgruppa. Denne dagen hadde ho kioskansvaret. Sjølv har ho to barn som vil nytte godt av dei nye fasilitetane på Ostereidet. **Foto: Erlend Kristiansen**





Eikanger G9 fekk æra av å spele «showkamp» mot Kvernbit på festdagen. **Foto: Erlend Kristiansen**



Frå venstre: Gunnar, Sebastian, Trym, Benjamin, Gustav, Robert og Emil. Også Vera og Hanne er ein del av laget, men dei var ikkje til stades då bildet blei tatt. Trener er Andreas Hosøy Rasmussen. **Foto: Erlend Kristiansen**





Kvernbit G9 fekk møte Eikanger til «showkamp», frå venstre: Kaleb, Peter, Liam, Jesper, Brede, Edvin og Vegard. Keeper er Edvard. Trenarane for laget er Hans Svendsen, Steinar Wessman og Roald Heggeheim. **Foto: Erlend Kristiansen**




Eikanger-gjengen gjekk tidleg opp i leiinga. **Foto: Erlend Kristiansen**



Malin Marthinussen og Tina Torsvik digga den nye bana. – Den gamle bana var ujamn og klumpete, fortel dei. **Foto: Erlend Kristiansen**





Malin og Tina går på skule på Ostereidet – men speler fotball i Knarvik. Tina har tidlegare spelt med gutane til Eikanger, men det var ikkje så gøy. – Eg var for kul for dei;), seier ho. Kanskje dei to unge fotballsparkarane snart kan vere ein del av eit jentelag på Ostereidet? **Foto: Erlend Kristiansen**



Leah Marie Vassdal og Adrian Toft. **Foto: Erlend Kristiansen**





Frå venstre: Ingrid Taule Vassdal, Leah Marie Vassdal og Adrian Toft. **Foto: Erlend Kristiansen**



Frå venstre: Sondre Tunes Lund frå Hindenes, Sebastian Stall frå Stall og Jenes Hindenes Myklebust frå Hindenes koste seg på den nye bana. Dei har allereie spelt ein kamp her. Sondre fekk eit veldig omdiskutert raudt kort og Eikanger tapte 0-1 mot IL Fri. **Foto: Erlend Kristiansen**



Liam Hansen Toft og Ilian Lid Myhr. – Vi er dei kulaste på Ostereidet, opplyser Ilian til Strilen. **Foto: Erlend Kristiansen**





Bana kjem til å bli brukt mykje i åra som kjem. Skulen ligg tett i, i tillegg til at Eikanger IL har aktivitet her i det daglege.

Foto: Erlend Kristiansen



Ein flott dag for fotball, men då Strilen fór kom nedbøren på besøk for å vaske bana. **Foto: Erlend Kristiansen**





Adrian Toft viser på oppfordring fram litt kunster. **Foto: Erlend Kristiansen**



Ordfører Sare Hamre Sekkingstad fekk glede av å innvie den nye bana. **Foto: Helge Rasmussen**

Talentet Sondre Tunes Lund viser fram kva han kan